



## Notat

Dato: 11.09.2018  
Arkivsak: 2015/11453-142  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Auke i det resultatbaserte tilskotet til Hordaland fylkeskommune**

I brev av 22. juni 2018 om 2. utbetaling av tilskotsmidlar til fylkeskommunane er det gjort ei justering i høve til det resultatbaserte tilskotet til Hordaland fylkeskommune. På grunn av ein feil i berekningsgrunnlaget hjå Kunnskapsdepartementet fekk Hordaland fylkeskommune utbetalt for lite resultatbasert tilskot. Hordaland fylkeskommune har difor fått utbetalt kr. 719 000,- i ekstra tilskot i 2018.

Fylkesdirektør opplæring har, på bakgrunn av at fylkeskommunen finansierer Fagskolen i Hordaland med om lag 14 mill. i 2018, avgjort at dei ekstra midlane vil inngå i den totale rekneskapen til Opplæringsavdelinga. Det vert såleis ikkje gjort budsjettmessige endringar ved fagskolen i høve til dette i 2018.

Kunnskapsdepartementet har i 2018 betalt ut meir til fylkeskommunane på grunn av denne feilberekninga enn kva det var budsjettert med. Denne auken i budsjettåret 2018 vert ikkje vidareført i 2019, men det korrigerer datagrunnlaget for berekning av studiepoengseiningar vert lagt til grunn for berekning av endring i det resultatbaserte tilskotet i 2019.